



Ketil Tjore

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4796 - 15/4995

Saksbehandlar:

Terje Hugo Aarvik

AATH@lindas.kommune.no

Dato:

04.03.2015

FAU/

FAU – Knarvik barneskule
v/Ketil Tjore og Liv Margrete Brekke

TRIVSELSFREMJANDE TILTAK V/KNARVIK BARNESKULE.

Syner til brev frå dykk der de etterspør kva trivselsfremjande tiltak som vert gjort, og kva felles system og rutinar skulen har for dette.

Tiltak:

1. UDIR – kartlegging for 5. – 7. årstega
Denne kartlegginga er obligatorisk for elevane på 7. årssteget. Frivillig for elevane på 5. og 6. årstega.
Kartlegginga vert gjennomført i siste del av haustsemesteret kvart år. Svara på undersøkinga vert gjennomgått i personalet og det vert bestemt kva område innanfor undersøkinga vi vil ha særleg fokus på i tida fram til ny kartlegging.
Vedlagt finn de oppsett på kva vi skal jobba med etter siste kartleggingsrunde.
2. Korleis har du det på skulen? Eigenutvikla kartlegging for elevane på 1. – 4. årstrinna.
Alle kontaktlærarane er oppmoda om å nytta denne i eigen klasse. Etter kartlegginga vert gjennomført samtale med alle elevane som har kryssa av for anna enn smilefjes.
Sjå vedlegg.
3. «Sjøstrandmøte»
Ein gong i skuleåret vert kvar kontaktlærer saman med spes.ped.kontakt kalla inn til rektor til samtale der vi snakkar igjennom stoda til kvar einskild elev i klassen. Her vert også eleven sin trivsel snakka om. Desse møta vert lagt til ulikt tidspunkt i skuleåret. For inneverande skuleår er nokre gjennomført før jul – dei resterande vert gjennomført i løpet av vårhalvåret.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



4. Zippy's vener.
Program som vert nytta på 1. årssteget for å utvikla elevane sin sosiale kompetanse.
5. Ressursteam – beståande av PPT/spespedteamet/rektor – drøftar ulike problemstillingar kring einskildelevar – faglege/sosiale.
6. Elevsamtalar.
Vi jobbar med å få god struktur på å gjennomføra desse. Utfordringa er at dei fleste kontaktlærarane har 100% stilling. Dette gjer at dei underviser i nesten alle timane elevane har på skulen. Elles vert det nytta mykje tid til samtale med einskildelevar etter behov.
7. Når det oppstår vanskelege situasjonar kring ein/fleire elevar vert dette snakka ope om i felles personalmøte og i teammøte. Dette med bakgrunn i at alle tilsette vi møta eleven/elevane ut i friminutta.
8. Kom og leik.
Skulen har ei ordning der elevar frå 5. – 7. årsstega er utpeika som «kom og leik» leiarar i storefri kvar dag. Dei organiserer 5-6 ulike leikeaktivitetar kvar dag. Dette gjeld for alle elevane ved skulen. To av lærarane ved skulen har ansvar for å følgja opp dette.
9. Andre trivselsfremjande tiltak:
 - Forsterka vaktordning. Dei som går vakt har sine område dei har eit særleg ansvar for.
 - Felles sosiale mål for alle ved skulen kvar månad. Desse blir det jobba med i klassen og i elevrådet.
 - Fellessamlingar i gymsalen.
 - Når det er naudsynt – samarbeid med PPT/helsesøster/barnevern.
 - Tett samarbeid med foreldre/føresette når det er naudsynt.
 - Rektor inviterer elevar med ulike vanskar til å eta lunch på rektor sitt kontor. Dette er med på å skapa gode relasjonar og trygge rammer.
 - Karneval/aktivitetsdagar/mjuk skulestart/felles turar/arbeid i aldersblanda grupper/fadderordning/fritt show/klasse møte – etter opplegget «Det er mitt val».
 - Klasseleiing som eitt av skulen sine satsingsområde.

Vonar dette gjev eit oversyn over skulen sitt arbeid innanfor etterspurt tema. Om ein har spørsmål – ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

Terje Hugo Aarvik
rektor

Mottakarar:

Ketil Tjore
Liv Margrete Brekke
Gunnar Kjelsvik
SVENDSEN , ØRJAN
Therse Hystad Aakre

RØSVIKDALEN 55 5914

ISDALSTØ